



*Foto: Steinar Bauge*

# ASKVOLL KOMMUNE – LIVSKVALITET OG VEKST MED ROM FOR EVENTYR

---

KOMMUNEPLAN FOR ASKVOLL 2011 – 2022 - SAMFUNNSDEL

Vedteken av kommunestyret 30.09.11, sak KOM 042/11



# Innhold:

KOMMUNEPLAN FOR ASKVOLL 2011 – 2022.....	1
1. INNLEIING - BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....	3
2. Rammer og føresetnader for planarbeidet .....	4
<b>BEFOLKNING</b> .....	4
<b>Befolkningsammansetting og -utvikling</b> .....	4
<b>Innvandring</b> .....	6
<b>Utdanningsnivå i kommunen</b> .....	6
<b>BUSETTINGSMØNSTER</b> .....	7
<b>NÆRING OG SYSSELSETTING</b> .....	8
<b>Næringsstruktur</b> .....	8
<b>Pendling</b> .....	9
<b>Arbeidsløyse</b> .....	10
<b>ØKONOMI</b> .....	11
<b>LOVVERK OG OVERORDNA STYRINGSdokUMENT</b> .....	12
3. Utfordringar framover.....	14
4. Visjon .....	16
5. Mål og strategiar .....	17
<b>HOVUDMÅL</b> .....	17
<b>KOMMUNEN SOM TENESTEYTAR OG ARBEIDSGJEVAR</b> .....	18
<b>NÆRINGSUTVIKLING</b> .....	20
<b>SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON</b> .....	22
<b>BARN OG UNGDOM</b> .....	24
<b>HELSE OG OMSORG</b> .....	26
<b>KULTUR OG FRIVILLIG ARBEID</b> .....	28
<b>VAKRE ASKVOLL</b> .....	29
<b>BEREDSKAP OG BEREKRAFTIG UTVIKLING</b> .....	30
<b>AREALFORVALTNING</b> .....	31



# 1. INNLEIING - BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Etter plan- og bygningslova skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Dette dokumentet er samfunnsdelen av kommuneplanen.

Kommunen har utarbeidd eit planprogram, som har vore til offentleg ettersyn, og som vart fastsett av kommunestyret i september 2009 (sak KOM 043/09). Planprogrammet viser kva tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet. Sjølve planen - samfunnsdelen av kommuneplanen - skal vere utarbeidd ut frå det fastsette planprogrammet.

Samfunnsdelen skal svare på desse spørsmåla:

- Kor er vi? – status og utfordringar
- Kor skal vi? – visjon og mål
- Korleis skal vi komme dit? – strategiar og tiltak

Planen skal sette mål for ei ønska utvikling i kommunen, og peike på tiltak for å nå desse måla. Kommuneplanen skal omhandle

- Kommunen sine oppgåver
  - Forvaltning (styresmakt iht. lovverk)
  - Tenesteproduksjon (tilbod til innbyggjarane)
  - Samfunnsutvikling
- Kommunen som organisasjon

Askvoll kommune har ikkje vedteke samfunnsdelen av kommuneplanen tidlegare. Kommunestyret har opp gjennom åra vedteke ulike tematiske planar, men ingen heilskapleg samfunnsdel. Arealdelen av kommuneplanen vart vedteken i 1994, og fleire kommunedelplanar i åra seinare. Arealdelen har stor trong for rullering.

Kommunestyret har vald å utarbeide samfunnsdelen av kommuneplanen først. Deretter må ein rullere arealdelen. Samfunnsdelen vil då gje overordna føringar for innhaldet i arealdelen.

Planen er ein overordna styringsreiskap, men skal ikkje vere ei stiv ramme som er bestemt ein gong for alle. Ting forandrar seg heile tida. Kommuneplanen har vanlegvis eit tidsperspektiv på om lag 12 år. Handlingsdelen skal seie korleis planen skal følgjast opp dei 4 næraste åra, og skal reviderast kvart år. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode (første gong i 2011) vedta ein kommunal planstrategi. I den vert det teke stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast.



## 2. RAMMER OG FØRESETNADER FOR PLANARBEIDET

Under følger ei oversikt over dei viktigaste nøkkeltala for kommunen i høve til folketal/folketalsutvikling, sysselsetting mm.. Dei geografiske og økonomiske rammevilkåra er òg skisserte.

### BEFOLKNING

#### Befolkningssamansetting og -utvikling

Askvoll kommune hadde 3000 innbyggjarar pr. 01.01.11. Dette er ein nedgang på 350 personar (10.4%) i den siste 10-årsperioden. Folketalet har hatt ein jamn nedgang sidan 1990. Tabellen under synleggjer folketalsutviklinga.

År	Folketal 1.jan.	Fødsels-Overskot	Innflytting	Utflytting	Netto flytting	Folkevekst	
2000	3349	10	127	107	20	30	8.96%
2001	3379	6	91	131	-40	-35	-1.04%
2002	3344	7	74	112	-38	-30	-0.90%
2003	3314	-13	86	127	-41	-54	-1.63%
2004	3260	-19	72	83	-11	-31	-0.95%
2005	3229	-14	69	101	-32	-47	-1.46%
2006	3182	-17	82	105	-23	-39	-1.23%
2007	3143	-25	83	135	-52	-78	-2.48%
2008	3065	-6	78	106	-28	-34	-1.11%
2009	3031	-4	65	93	-28	-32	-1.06%
2010	2999	-18	104	85	19	1	0.03%
2011	3000						

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Den negative folketalsutviklinga har si forklaring i stor fråflytting. Utanom året 2000 og 2010 har det flytta fleire frå kommunen enn til. I dei fleste åra i perioden har den negative folketalsutviklinga vore på godt over 1% av folketallet i kommunen.

Nedgangen i folketallet er noko Askvoll har til felles med dei andre HAFS-kommunane. Askvoll kommune har størst tilbakegang av desse.

Askvoll kommune har særleg stor utflytting blant dei vaksne i alderen 30-39 år. Dei siste 10 åra har talet innbyggjarar i denne aldersgruppa gått ned med 39%, noko som er betrakteleg større enn den generelle folkenedgangen i kommunen på 10.4%. Særleg i 2007-08 var det ein stor del kvinner som flytta ut.




Også blant unge vaksne i alderen 20-29 år har det vore ein klar nedgang i befolkninga, særleg blant kvinner, der nedgangen har vore på 16 % i perioden. Det er eit aukande avvik mellom tal menn og kvinner i denne aldersgruppa. I aldersgruppa 20-39 år er det 108.1 menn pr. 100 kvinner (2010).

Kommunen har ein større del eldre (80 år og over) enn fylket og resten av landet (høvesvis 7.2, 5.7 og 4.5% av befolkninga). Samtidig har kommunen ein mindre del born og unge (0-17 år) enn fylket og resten av landet (høvesvis 21.3, 23.6 og 22.5%).

Figuren under viser fordelinga av befolkninga basert på kjønn og alder pr. 01.01.11. Her ser ein at ein låg del av befolkninga er i alderen 25 til 39 år.

### Befolkninga etter kjønn og alder. 1.1. 2011. Prosent




Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Den relativt låge delen av innbyggjarar i denne aldersgruppa gir ei svært ugunstig alderssamansetting med tanke på framtidig folketalsutvikling, då den òg gjer at det i åra framover kan bli fødd færre born i kommunen. Truleg vil dette òg verke negativt inn på næringsutviklinga i kommunen, då personar i desse aldersgruppene vanlegvis vil vere i ein arbeidsfør og produktiv alder. Det er denne aldersgruppa som skal sikre nyrekruttering til bedriftene og offentleg sektor i kommunen. Held den folketalsutviklinga ein har i dag fram, vil kommunen på sikt få store utfordringar.



Figuren under viser ei mogleg folketalsutvikling i kommunen.



Framskrivning basert på alternativ MMMM (middels vekst)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


## Innvandring

Det er høvesvis få personar med utanlandsk bakgrunn busett i kommunen. I følgje SSB har 1.4% av innbyggjarane innvandrarbakgrunn frå vestlege land, og 1.4% frå ikkje-vestlege land. Det er ca. 10 år sidan kommunen sist tok i mot flyktningar/asylsøkjjarar. Dei siste åra har fleire utanlandske arbeidstakarar frå heile Europa fått arbeid og busett seg her.

## Utdanningsnivå i kommunen

Befolkninga har noko lågare utdanning enn landsgjennomsnittet. 2 % av befolkninga i Askvoll har meir enn 3 års universitets- eller høgskuleutdanning, medan 14 % har universitets- eller høgskuleutdanning som er kortare enn tre år. Tilsvarande for heile landet er høvesvis 6 % og 20 %.

Figuren under illustrer dette:



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ein kan sjå ei viss auke i tal innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning dei siste ti åra.



## BUSETTINGSMØNSTER

Askvoll kommune er prega av at busetnaden er geografisk spreiddt. Det er høvesvis lange avstandar mellom bygdene, og havet skapar eit fysisk skille.

### Busetnad 2009


	Kommunen Fylket Landet		
Befolkning per km <sup>2</sup>	9,2	5,7	15,1
Andel busett i tettbygde strok.			
Prosent	19	56	77

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Befolkninga i kommunen bur ganske spreiddt, samanlikna med gjennomsnittet både for fylket og for landet. Det er ein særst liten del av befolkninga som bur i tettbygde strok. Det vil seie at kommunen har eit ganske "svakt" sentrum i høve til grendene rundt.

Askvoll sentrum har den største konsentrasjonen av innbyggjarar og arbeidsplassar, og er einaste bygda som er definert som tettstad i kommunen. Busetnaden er generelt spreidd i mindre fjordgrender, og 1/3 av innbyggjarane bur på øyane - Atløy, Værlandet og Bulandet.

Kartet under viser ei oversikt over busetnaden i kommunen.



Busetnaden i kommunen består stort sett av frittliggjande bustadhus. Det finst nokre rekkjehus, og dei seinare åra er det komme til nokre leiligheiter (seksjonerte husvære). Dette er likevel i liten skala enno.



I følgje SSB er det ca. 1200 husstandar i kommunen. 33.9% av desse består av ein person. 30.2% består av 2 personar. 12.1% består av 3 personar, 10.7% av 4 personar og 13.0% av 5 personar eller meir. Dette er om lag det same som for fylket. Tala for heile landet viser noko høgere tal husstandar med berre 1 person, men berre halvparten så mange prosent (7.1%) husstandar med 5 personar eller meir.


Infrastrukturen i Askvoll er prega av at kommunen er ein kyst- og øykommune, slik at mykje av transporten skjer over vatn. Det går ferjeruter frå Eikenes til Dale og frå Askvoll til Fure som knytter nord- og sørsida av Dalsfjorden saman. I tillegg går det ferjeruter som knytter Atløy og Værlandet og Bulandet til fastlandet.

Askvoll er eit knutepunkt på kysten. Her møtest ekspressbåten sørover til Bergen og nordover til Ålesund, ferjer til øyane/Fure og bussruter til Førde. Ut av kommunen går det bilveg langs Førdefjorden og via ferje til Dale (snart Dalsfjordbru). Det er høvesvis kort veg til Førde og til flyplassen på Bringeland, men vegen har svært dårleg standard.

## NÆRING OG SYSSELSETTING

### Næringsstruktur

Askvoll er prega av å vere ein primærnæringskommune, med 16 % av befolkninga sysselsatt i jordbruk, skogbruk og fiske, noko som er klart over landsgjennomsnittet. Næringslivet elles i kommunen er variert. Figuren under illustrerer prosentvis fordeling av sysselsetting innan ulike næringar i 4. kvartal 2007.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I perioden 2000-2008 har det vore ein moderat liten nedgong i tal sysselsette totalt i kommunen. I 2000 var det 1.593 sysselsette, medan det i 2008 var 1.521 sysselsette. Ser ein nærare på dei ulike næringane ser ein nedgang i talet sysselsette innan jordbruk og industri og ei auke innan helse- og sosialtenester.




Kommunen har ein variert næringsstruktur der primærnæringane, industri og handel- og servicenæringane er dei viktigaste i tal sysselsatte. Ein ser variasjonar i næringane mellom dei ulike områda i kommunen.

Av dei 17 største verksemdene i Askvoll kommune målt i omsetning er 4 knytt til fiskeindustrien. Klausen Mek. Verksted AS og AS Helle Fabrikker har inntil nyleg vore dei to største industriarbeidsplassane i kommunen. Klausen Mek. har ikkje lenger industriarbeidsplassar. Dei fleste av dei største verksemdene finn ein innanfor handel- og servicenæringane (inkludert turisme).

Dei siste åra er det stifta ein del nye selskap. Hovudtyngda av desse er aksjeselskap. Ein god del av dei aktive selskapa er innan fiskeindustrien. Dette vitnar om ei viss gründerverksemd i kommunen. I mange av desse selskapa er det låg aktivitet. Årsaka til dette er gjerne at selskapa har blitt etablert i samband med omdanningar eller at det er holdingselskap knytt til allereie eksisterande selskap.

### **Pendling**

Av dei sysselsatte i kommunen er det klart fleire som bur i kommunen enn som jobbar i kommunen, dvs. at det er mange som pendlar, jfr. grafen under.




Største innpendlingskommunane til Askvoll i 2008 var Fjaler (ca. 30 personar), deretter Bergen og Førde (ca. 8 personar kvar).

Største utpendlingskommunar frå Askvoll i 2008 var Førde (ca. 180 personar), deretter Bergen (ca. 75), Fjaler (ca. 35), Flora (ca. 20) og Oslo (ca. 18).  
(Kjelde: SSB, tala inkluderer vekependlarar og studentar)

I 2008 var det 350 fleire utpendlarar frå kommunen enn innpendlarar. Forklaringa på innpendlinga frå Fjaler til Askvoll kan vere at avløyssarlaget og andre interkommunale ordningar for kommunane er registrert i Askvoll. Dette fører til at ein del av avløyssarane som bur og jobbar i Fjaler for avløyssarlaget vert registrert som pendlarar til Askvoll.






Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Talet på pendlarar til Førde har hatt ein viss auke, medan talet på pendlarar til andre kommunar har vore etter måten stabilt dei siste åra. Dette viser at Askvoll kommune i større og større grad vert ein integrert del av arbeidsmarknaden i Indre Sunnfjord. Avstanden til regionsenteret Førde er likevel for lang for dagpendling for delar av kommunen. Kommunar som til dømes Naustdal og Gaular som har kortare avstand til Førde, opplever ei meir positiv folketalsutvikling enn Askvoll. Å skape nye arbeidsplassar i kommunen blir difor viktig dersom folketallet skal stabilisere seg.

## Arbeidsløyse

Arbeidsløysa i Askvoll kommune har mellom 1999-2009, jf. figur under, hatt ein topp i 2004 med ca. 65 ledige personar. I 2010 låg arbeidsløysa på 33 personar eller 2.2%. Dette er det same som for heile fylket, og noko lågare enn gjennomsnittet for landet på 2.9%. Blant menn er det registrert 2.6% arbeidsløysa og blant kvinner 1.8% i kommunen.



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

2009 er gjennomsnittstal til og med september, medan dei andre åra er gjennomsnittstal for heile året.



## **ØKONOMI**

### ***Kommunen har i hovudsak tre inntektskjelder:***

- Skatteinntekter
  - Skatt til kommunen - skatteprosenten er fastsett av staten, og kan ikkje endrast. Kommunen sine skatteinntekter er såleis avhengig av innbyggjarane si inntekt/formue.
  - Eigedomsskatt - kommunen kan innføre ei ordning der eigaren betaler skatt i forhold til likningsverdien på fast eigedom. Dette er ikkje innført i Askvoll.
- Overføringar frå staten
  - Rammeoverføringar - vert rekna ut i høve til ulike variablar som seier noko om utgangspunktet og behovet til kommunen, som kor mange innbyggjarar kommunen har i ulike aldersgrupper.
  - Øyremerka tilskot - dette er tilskot til tiltak der staten har spesielle satsingsområde. Dei utgjer ein høvesvis liten del av dei totale inntektene til kommunen.
- Gebyr og eigenbetaling  
Gebyr vert nytta som betaling for tenester og andre kommunale ytingar som ein må bruke, td. renovasjon, vatn og byggjesakshandsaming. Gebyr kan òg utgjere ei eigenbetaling for tenester det er frivillig å nytte, td. barnehageopphald eller heimeteneste. Gebyra kan ikkje overstige sjølvkost. For nokre tenester er det pålagt at gebyra skal dekke kommunen sine kostnader, for andre tenester kan kommunen velje å krevje mindre gebyr. Det vil i så fall seie at kommunen subsidierer dei enkelte brukargruppene.

Kommunen opplever stadig ein skvis mellom dei tenestene som enkeltpersonar har rett på (pålagt av staten gjennom lovverk), og kommunen sine økonomiske rammevilkår. Når økonomien ikkje er tilstrekkeleg til å oppfylle desse krava, går det ut over andre tenester, og innskrenkar dermed kommunen sitt sjølvstyre.

På same vis kan sentrale lønnsoppgjer ha stor verknad på budsjettet og kommunen sitt handlingsrom.

For kommunen er det ofte naudsynt å ta opp lån for å få gjennomført tiltrengte prosjekt. Vert lånegjelda for stor, vil renter og avdrag binde opp driftsinntektene, slik at det vert mindre att til den daglege drifta.



## **LOVVERK OG OVERORDNA STYRINGS-DOKUMENT**

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen. Naturmangfaldlova vil òg vere viktig, sidan lova skal leggast til grunn i alle saker der naturmangfaldet kan bli berørt. I tillegg er det mange ulike sektorlover som har verknad for kommunen sitt arbeid. Forvaltninga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen. I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå.

### **Nasjonale retningslinjer:**

Mål og rammer for den nasjonale politikken kjem fram i rikspolitiske retningslinjer (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar og rundskriv.

Dei viktigaste for kommunen er:

- RPR for samordna areal- og transportplanlegging
- RPR for verna vassdrag
- RPR for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane
- St.meld. nr. 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
- St.meld. nr. 58 (1996-1997) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling
- St.meld. nr. 43 (1998-1999) Vern og bruk i kystsona
- St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon

- St.meld. nr. 39 (2000-2001) Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet
- St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning
- St.meld. nr. 12 (2001-2002) Rent og rikt hav
- St.meld. nr. 23 (2001-2002) Bedre miljø i byer og tettsteder
- St.meld. nr. 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge
- St.meld. nr. 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer. Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne
- St.melding nr. 14 (2004-2005) På den sikre siden – Sjø sikkerhet og oljevernberedskap
- St.meld. nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 19 (2004-2005) Marin næringsutvikling. Den blå åker
- St.meld. nr. 25 (2004-2005) Om regionalpolitikken
- St.meld. nr. 9 (2006-2007) Arbeid, velferd og inkludering
- St.meld. nr. 16 (2006-2007) ...og ingen sto igjen. Tidlig innsats for livslang læring.
- St.meld. nr. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller
- St.meld. nr. 21 (2006-2007) Strukturpolitikk for fiskeflåten
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr. 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
- St.meld. nr. 10 (2007-2008) Knutepunkt
- St.meld. nr. 22 (2007-2008) Samfunnsikkerhet
- St.meld. nr. 31 (2007-2008) Kvalitet i skulen
- St.meld. nr. 33 (2007-2008) Eit sterkt lokaldemokrati
- St.meld. nr. 7 (2008-2009) Et nyskapende og bærekraftig Norge



St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019  
St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek  
St.meld. nr. 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru – om distrikts- og regionalpolitikken  
St.meld. nr. 35 (2008-2009) Brannsikkerhet  
St.meld. nr. 36 (2008-2009) Det gode innkjøp  
St.meld. nr. 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen  
St.meld. nr. 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen  
St.meld. nr. 44 (2008-2009) Utdanningslinja  
St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid  
Meld.St. nr. 19 (2009-2010) Tid til læring  
Meld.St. nr. 16 (2010-2011) Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015)  
Meld.St. nr. 18 (2010-2011) Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov  
Meld.St. nr. 22 (2010-2011) Motivasjon – mestring – muligheter.  
Ungdomstrinnet  
Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen  
Rundskriv dat. 11.11.99 og 08.03.02 frå Miljøverndepartementet om skjerping av plan- og dispensasjonspraksis i strandsonen/100m-beltet  
T-1450 Planlegging av fritidsbebyggelse  
Norge universelt utformet 2025 - Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013.

### **Regionale retningslinjer:**

Fylkesplan 2005-2008  
Fylkesdelplan for arealbruk  
Fylkesdelplan for landbruk  
Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse  
Fylkesdelplan for klima og miljø  
Strandsonerettleiar. Strandsona – ein felles ressurs! Forvaltning av 100-metersbeltet langs sjøen  
Strategi for fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen sitt arbeid med arealforvaltning og jordvern i Sogn og Fjordane

Alt dette er mål og rammer som kommunen må legge til grunn i planarbeidet. Dersom kommunen bryt med desse, vil andre styresmakter overprøve kommunen sine vedtak (motsegn til planen).



### **3. UTFORDRINGAR FRAMOVER**

Askvoll kommune er inne i ei positiv utvikling etter nokre år med reduksjon i folketalet og stram kommuneøkonomi.

Folketalsauke er viktig for kommunen fordi inntektene vi får heng saman med kor mange som bur innafor kommunegrensene. Økonomien styrer i neste omgang tenestetilbodet i kommunen.

Geografien vår gjer at det på enkelte tenesteområde kan vere avgrensa høve til å rasjonalisere drifta utan at det går ut over kvaliteten. Tenestene kan dermed verte høvesvis dyre pr. innbyggjar.

Grunnlaget for kommunen sitt planverk er i stadig utvikling og endring. Kommuneplan og reguleringsplanar legg rammene for andre planar for utvikling av næringsliv og infrastruktur, og dei igjen er ein føresetnad for ny busetnad og folketalsauke. Det er ein utfordring å sette av tilstrekkeleg med ressursar til dette arbeidet.

Delar av Askvoll kommune kan nok vere lite kjend utafor fylket. Andre delar, som til dømes Værlandet og Bulandet, har eit godt omdøme og er kjend langt ut over både kommune- og fylkesgrensa som eit attraktivt reisemål.

Det vert vesentleg framover å byggje Askvoll kommune som ei merkevare som har natur, historiske stader og ei sentral plassering på kysten med livskraftige bygder og rikt kulturliv å tilby. Opninga av Dalsfjordbrua er òg ei opning inn i framtida med auka turisme og busetting.

Stabilisering og auke av talet innbyggjarar i Askvoll kommune vil henge saman med at vi kan by fram attraktive og byggjeklare tomter i område som nyter gleda av lyset og det opne landskapet. Det er ein fordel at tomme hus vert nytta til bustadhus, men fritidsbustader vil òg vere eit naturleg innslag i kommunen framover. Mange hus- og hytteeigarar har sterke band til bygda dei har fritidshus i. Ein føresetnad for tilflytting vil vere at huseigarar ser det som tenleg å leige ut husvære til ungdom i etableringsfasen eller folk som vil "prøvebu" i kommunen.

Askvoll kommune er ulik dei fleste andre kommunar i høve til busettingsmønster, ved at ein stor del av befolkninga bur i krinsene utanom Askvoll sentrum. Vi har vakre og markante grender som har omsut for utvikling og aktivitet i sitt eige nærrområde. Næringslivet i sentrum har klart å levere dei tenestene det er trong for til omlandet, og stor detaljhandel med eit rikt tilbod gjer sentrum til eit knutepunkt. Sentrum er òg det kommunikasjonsmessige knutepunktet i kommunen. Denne samhandlinga mellom sentrum og bygdene er viktig å utvikle framover.



Askvoll kommune får eit kommunikasjonsmessig løft når Dalsfjordbrua står ferdig i 2013. Trua på ei forsterka positiv utvikling heng saman med dette, men målet om å få ein kommunikasjonsmessig standardheving er likevel ikkje nådd med ferdig bru. Vegane i kommunen er for mange trafikantar ein stor utfordring, og trongen for auka standard og auka vedlikehald må stå høgt på prioriteringslista. God infrastruktur er eit vilkår for auka busetting og aktivt næringsliv.

I høve til utdanning og kompetansearbeidsplassar skjer det endringar i kommunen og i regionen. Endringar i regionen har verknad på det som skjer i Askvoll kommune, og for unge i dag kan fagopplæring og utdanning vere avgjerande for kva som vert heimstaden deira seinare i livet.

Næringslivet har stadig trong for arbeidskraft med rett kompetanse, og generelt er det trong for fleire attraktive arbeidsplassar for kvinner og for høgere utdanna i kommunen. Det er mange kreative menneske som etablerer eigen arbeidsplass i Askvoll kommune, mens tida for dei store bedriftene synes å vere sett på vent. Den økonomiske samanhengen Norge er ein del av i Europa og verda elles, gjer at konjunktrendringar verkar inn på aktivitetane i samfunnet. Industribedriftene i kommunen – på line med mange andre stader – er sårbare for svingingane i konjunkturane og må avpasse talet tilsette ut frå marknadssituasjonen. Dette får ringverknader inn i kommunen.

Både produksjonsbedriftene og landbruket er i ein fase der det er trong for å tenke nye tankar og ha evna til å omstille seg. Vi har fått ein positiv status som omstillingskommune, og mykje pengar og ressursar vert i åra framover sett inn på å auke aktiviteten gjennom innovasjon og nyskaping. Målet er auka sysselsetting og busetting.

Dei lokale næringslivsaktørane har samla seg i felles næringsorganisasjon som må vere ein felles plattform som bidreg til auka investeringar i sentrum og i grendene. Det vil nok framleis vere eit ansvar og ein kostnad for kommunen å bidra til samfunnsbygging, utvikling og stadutforming. Samanslutning i banktenestene på lokalt plan styrker tilgang til frisk kapital til etableringar og investeringar i næringslivet, men ein må stadig arbeide for at kapitaltilgangen er god nok til at gode idéar let seg realisere.

Kommunen er av mange omtala som naturskjønn, og kommunen er velsigna med store og flotte naturressursar. Det ligg eit stort potensiale i å utnytte ressursane til utvikling av reiseliv og anna næring. Sjølv om kommunen ligg i ein viss avstand frå hovudferdselsåra E39, har vi ei strategisk plassering midt i skipsleia. Mellom anna cruiseskip og Hurtigruta nyttar seg av mogelegheita dei har til å vise fram vakkert kystlandskap og mektig natur.

Mange innbyggjarar i Askvoll kommune viser eit sterkt engasjement for lokalsamfunnet og bygda dei bur i. Folk trivst og vert buande i kommunen, og ut frå kulturelle føresetnader er folk vande med å klare seg sjølv og sjølv jobbe fram gode løysingar. Dei har initiativ og det er grunnlag for etablerarkultur. Det vert lagt ned mange timar i frivillig arbeid i ulike former. Det skulle såleis vere godt grunnlag for ei lys framtid med livskraftige bygder.



## 4. VISJON

Det er viktig å løfte blikket, tenkje positivt og sjå framover.

Vi er avhengige av at vala og handlingane våre er tufta på felles verdiar, og vi må ha eit felles bilete av kva samfunn vi ønskjer at Askvoll skal vere i framtida. Visjonen skal vere med på å prege kommunen sitt utviklingsarbeid, og skal gje både innbyggjarar og tilsette noko å strekke seg etter.

### **VISJON**

*Askvoll kommune – livskvalitet og vekst med rom for eventyr*

### **VERDIGRUNNLAG**

Askvoll kommune skal vere eit samfunn der vi legg vekt på å fremje gjensidig stoltheit, respekt og toleranse i og mellom bygdene våre, gjennom å skape ei haldning som seier at: "det som er bra for deg, er bra for meg".



*Foto: Hanna Tysse*



## 5. MÅL OG STRATEGIAR

Askvoll kommune har rike tradisjonar gjennom historie og kultur. Samtidig står vi overfor morgondagen sine utfordringar som krev nye tankar og løysingar. Vi vil at dei verdiane vi forvaltar frå historie, tradisjon og folkeliv skal vere med oss som basis og forankring når vi skal velje løysingar for framtida. Samtidig vil vi at det skal vere både rom for og vilje til å tenkje nytt og utradisjonelt. Byggjer vi på egne røtter og vår eigenart, vil vi få noko særmerkt, noko som skil oss frå andre på ein positiv måte.

### HOVUDMÅL

-Vi vil

- at kommunen skal vere eit berekraftig og nyskapande samfunn som er attraktivt for menneske, næringsliv og ulike samarbeidspartar, med utgangspunkt i kvalitet og vår eigenart
- at Askvoll-samfunnet skal vere prega av trivsel, identitet, engasjement, medverknad, frivillig arbeid og samhald for vekst og utvikling
- at Askvoll skal framstå som ein utadvent kommune som appellerer til nye innbyggjarar og besøkande på ein positiv måte

- at Askvoll kommune skal delta i interkommunalt samarbeid der kommunen kan oppnå større politisk gjennomslagskraft, betre tenester for innbyggjarane og byggje opp større kompetanse. Samarbeidet må vere ope, forpliktande og føreseieleg for innbyggjarane.
- at folketalet i kommunen skal stabiliserast på 2011-nivå, og deretter syne ei årleg auke



Foto: 1, 2 og 5 Steinar Bauge



## **KOMMUNEN SOM TENESTEY TAR OG ARBEIDSGJEVAR**

Dei kommunale tenestene skal legge til rette for eit godt liv og for næringsutvikling. Kommunen må vere serviceinnstilt overfor innbyggjarane og andre som tek kontakt, og møte dei med openheit og respekt. Profesjonalitet og truverde er viktige faktorar for å lukkast i utvikling av kommunen. Eit godt omdømme kan vere avgjerande for å tiltrekkje seg nye innbyggjarar og utvikle næringslivet. Eit godt omdømme kan òg gje respekt og lettare gjennomslag for eigne synspunkt overfor andre partar.

### **MÅL**

- bidra til rekruttering og oppfølging av nye innbyggjarar
- ha god fagleg kompetanse og profesjonelle tenester
- ha eit fleksibelt og tidsretta tenestetilbod
- sikre rask og effektiv sakshandsaming
- vere ein attraktiv arbeidsgjevar
- byggje opp eit godt omdømme – som innbyggjarar i Askvoll kommune er vi alle ansvarlege for å byggje eit godt omdømme

### **STRATEGIAR**

#### **Kommunen som samfunnsutviklar**

- rekruttering av nye innbyggjarar
- halde kontakt med ungdom og utflytte
- synleggjere mogelegheitene for arbeid i Askvoll kommune
- arbeide for tilgang på bustader av varierte typer og storleikar tilpassa etterspurnad og familiestruktur

- legge til rette for kommunale og private bustadfelt
- arbeide for eit sterkt sentrum i samarbeid med grendene i kommunen

#### **Kommunen som forvaltar og tenesteytar**

- tenestene på alle kommunale område skal ha god fagleg standard, vere framtidsretta og ha fokus på likeverdige tenester til alle innbyggjarane
- organiseringa av tenestene skal stadig vere under evaluering og utvikling med fokus på forbetring og fleksibilitet.
- alt planverk skal vere oppdatert og rullerast jamnleg
- planar for nye tiltak og utvidingar av eksisterande tiltak skal vere utarbeidd slik at ein er i posisjon til å utnytte statlege ordningar
- utnytte eige inntekspotensiale



### **Kommunen som arbeidsgjevar og organisasjon**

- sikre godt samarbeid og god informasjonsflyt mellom etatane og mellom tilsette, slik at kommunen opptrer som ei eining
- rekruttere godt kvalifiserte fagpersonar, og vurdere særskilte rekrutteringstiltak ved mangel på kompetanse på ein skilde fagfelt
- legge til rette for kompetanseheving i organisasjonen gjennom etter- og vidareutdanning
- utvikle gode rutiner og kultur for medverknad
- tilby konkurransedyktige løns- og arbeidstilhøve

- vere ein attraktiv og spennande arbeidsplass med utfordringar til kvar ein skild tilsett
- sikre at kommunen tek i vare krav om likestilling



### **Omdømme**

- vere gode på å handtere media og sosiale medium og oppnå ei positiv profilering av kommunen
- ha eit sentralbord/mottak med god og effektiv service
- ha fokus på å gje rask respons til dei som kontaktar kommunen og god informasjon om framdrift i saker



## NÆRINGSUTVIKLING

*Næringsliv og arbeidsplassar skal gje inntekter til kommunen. Eit variert og robust næringsliv er avgjerande for at det skal vere attraktivt å bu her, og såleis viktig for framtida til kommunen. Ein kombinasjon av lokale arbeidsplassar, nettbaserte arbeidsplassar og pendling vil vere ein styrke for kommunen. Vi er i ei tid der det skjer grunnleggande endringar i næringslivet, og vår evne til omstilling og nyskaping vert viktig framover.*



Foto: Steinar Bauge

## MÅL

- arbeide for å styrke og utvikle næringar innanfor dei områda vi har naturlege føresetnader for å lykkast med
- arbeide for eit variert og robust næringsliv som gir interessante arbeidsplassar til innbyggjarane uavhengig av utdanning, alder, kjønn og livssituasjon
- Askvoll kommune skal stå fram som ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere berekraftig næringsverksemd
- styrke næringsrelatert samarbeid i kommunen og på tvers av kommunegrensene
- arbeide for å styrke næringslivet og næringsretta kompetanse i kommuneadministrasjonen

## STRATEGIAR

- vidareutvikle vakre Askvoll kommune som reiselivsmål
- legge til rette for fiskeri og andre marine næringar

- arbeide for å oppretthalde eit aktivt landbruk i kommunen
- legge til rette for næring i samband med utvikling/utnytting av fornybare energikjelder
- bruke statusen som omstillingskommune til nyskaping og styrking av eksisterande og nye arbeidsplassar
- vere i forkant med å tilrettelegge næringsareal
- vere ein attraktiv kommune for unge etablerarar og arbeide for god tilgang på læring- og praksisplassar.
- framstå som ein rask og effektiv medspelar i næringsarbeid



Foto: Steinar Bauge



- arbeide aktivt for å fremme næringslivet sine behov overfor styresmakter og andre partar, og påverke rammevilkår
- etablere eit tett samarbeid med næringsorganisasjonen i Askvoll, og vere aktive medspelalar for eit variert og samkøyrte næringsliv.
- delta i statlege og regionale næringsretta program



## **SAMFERDSEL OG KOMMUNIKASJON**

Gode kommunikasjoner er noko av det viktigaste for busetting og trivsel og for eit konkurransedyktig næringsliv. Trygge og effektive kommunikasjonsmåtar på sjø og land er ein føresetnad for all busetnad og næringsliv i ein kommune med vår geografi. Godt tilbod innan mobilnett- og breibandtenester er i dag avgjerande for privatpersonar sin deltaking i samfunnslivet og næringslivet si konkurransevne, og kan opne nye mogelegheiter for næring, der geografien elles set grenser.

### **MÅL**

- prioritere opprustning og sikring av det kommunale vegnettet
- byggje og vedlikehalde gang- og sykkelveggar
- arbeide for godt vedlikehald, utbetring og sikring av fylkesveggar i kommunen og regionen
- arbeide aktivt for utbygging av nye vegsamband i regionen
- sikre at varetransport inn og ut av kommunen er mest mogeleg effektiv
- vere aktiv pådrivar for eit effektivt og trygt kollektivt transporttilbod internt i kommunen og mellom sentrale trafikkknutepunkt
- ha eit tilfredsstillande mobil- og breibandnett i alle bustad- og næringsområde i kommunen



Foto: Steinar Bauge



Foto: Steinar Bauge

### **STRATEGIAR**

- kartlegge og sikre rasfarlege område langs vegane i samarbeid med ansvarleg styresmakt
- gje innspel om behov for investeringar og drift/vedlikehald på fylkesvegnettet i kommunen
- identifisere særskilte behov med omsyn til trafikktrygging
- arbeide for realisering av Atløysambandet
- vere aktive pådrivarar for Kystvegen, Ålesund - Bergen, med fokus på lokale og regionale samband
- sikre gode hamner og kaier
- arbeide for å sikre eit tenleg flyplasstilbod



- sikre tenleg tilbod av offentleg transportmiddel/drosje i alle krinsar
- i samarbeid med andre instansar, legge til rette for dagpendling både til arbeid og skulegang
- arbeide aktivt for å sikre rimelege transportløyningar
- arbeide for å sikre gode farleier



## BARN OG UNGDOM

*Dei unge skal vekse opp i eit trygt miljø, få utvikle seg sjølv og evnene sine og bli sterke, samfunnsengasjerte menneske. Dei som flyttar ut må ha med seg ei positiv oppleving av oppveksten og plassen dei bur på, og kan formidle dette ut i verda. Gode minne frå oppveksten er det beste grunnlaget for å busette seg i kommunen som vaksen.*



### MÅL

- gje born og unge ei positiv oppleving av oppveksten og plassen dei bur på
- syte for at det pedagogiske tilbodet i barnehage, sfo og skule til ei kvar tid er prega av kvalitet og profesjonalitet
- det skal vere ein desentralisert skulestruktur i Askvoll kommune
- legge vekt på at barnehage, skule og andre oppvekstmiljø er prega av tryggleik, toleranse og opne haldningar
- arbeide for at barn og unge skal ha eit variert og utviklande fritidstilbod og legge vekt på at kvart enkelt barn får utvikle og synleggjere sine evner og sin kreativitet

- sjå born og unge som den ressursen dei er i eit lokalmiljø, og legge vekt på å styrke det gode samarbeidet mellom offentleg og frivillig barne- og ungdomsarbeid
- ha eit vidaregåande skuletilbod i regionen

### STRATEGIAR

- legge vekt på lokalt og regionalt utviklingsarbeid som fremmer gode læringsmiljø for borna og sikrar fagkompetanse
- ha ein barnehage- og skulestruktur som gir effektiv læring og kortast mogeleg reisetid
- barn skal ha ei sikker og god reise til skule og barnehage gjennom eit effektivt skysstilbod
- fokusere på haldningsskapande arbeid i barnehage, sfo, skule og fritidsaktivitetar/lag og organisasjonar
- sikre kulturskulen og ha eit godt, desentralisert kulturskuletilbod
- legge til rette for utandørs aktivitetsområde
- skape lokale og kommunedekkande felles møteplassar for born og ungdom



- legge til rette for aktive elevråd og eit aktivt ungdomsråd
- knytte kontakt mellom skule/barnehage og lokalsamfunnet rundt
- arbeide for å sikre tilbodet ved dei vidaregåande skulane i regionen
- arbeide for at fagtilbodet ved dei vidaregåande skulane i regionen òg samsvarar med arbeidsmarknaden i kommunen



## HELSE OG OMSORG

*Alle har før eller sidan bruk for medisinsk hjelp eller pleie i ei eller anna form. Innbyggjarane må kunne kjenne seg trygge og dei må kunne få hjelp utan å bruke uforholdsmessig mykje tid på det. I eit lite samfunn er det òg viktig at ingen fell utanfor – vi treng alle! God folkehelse, trivsel og samhold er eit godt grunnlag å møte framtida med.*



Foto: Steinar Bauge

### MÅL

- Askvoll kommune skal vere ein god og trygg stad for alle i alle fasar av livet og i alle livssituasjonar
- mennesket skal vere i sentrum i helse- og omsorgstenesta, med fokus på å styrke eigen omsorgsevne
- ha tilbud som ivaretek alle felt innan omsorg og helse på alle aldersnivå
- ha nærleik til nødvendig spesialisthelseteneste
- ha universell utforming i alle offentlege bygg, anlegg og transportmiddel
- motivere til og legge til rette for allsidig fysisk aktivitet og sunne livsvanar hos innbyggjarane

### STRATEGIAR

- arbeide for at alle skal kjenne seg inkluderte uansett fase i livet
- sikre eit støtteapparat som går tidleg inn og hjelper familiar og personar med ein vanskeleg livssituasjon
- drive haldningsskapande arbeid i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

- ha eit bevisst og avklart forhold til ruspolitikken i kommunen
- stimulere til "grøn omsorg"-tilbod i kommunen
- jordmor og helsestasjon skal vere gode møteplassar for barn og familie med fokus på samtale, rettleiing og hjelp
- styrke samarbeidet med Eldrerådet og Råd for funksjonshemma
- tilpasse tilbud av sjukeheimplassar, omsorgsbustader, aktivitetssenter og hjelp i heimen i takt med etterspurnaden og behovet
- Askvollheimen skal vere vår hovudbase for omsorg
- eldrebustadene i grendene skal utnyttast optimalt
- vere aktivt med i interkommunalt samarbeid for å gjennomføre samhandlingsreforma
- krevje ei trygg og effektiv ambulanseteneste som sikrar at folk får medisinsk hjelp når dei treng det
- sikre eit godt tannlegetilbod
- sikre at det er lett å bruke sjø- og turområde, og vere aktiv formidlar av rekreasjonstilboda som vår eineståande natur byr på



- stimulere til bruk av opplegg og program mot bruk av rusmiddel/tobakk
- stimulere til bruk av opplegg og program som fremjar sunt kosthald



## KULTUR OG FRIVILLIG ARBEID

*Gjennom felles kulturopplevingar og gjennom eit allsidig aktivitetstilbod skaper vi trivsel, nettverk, samhald, positivitet, engasjement og identitet til bygda og kommunen.*



Foto: Steinar Bauge

### MÅL

- byggje stoltheit og identitet ved å ta vare på og synleggjere historia og kulturarven vår
- arbeide for eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som inkluderer alle i alle aldrar, fremjar trygge oppvekstmiljø, eigenutvikling, fellesskap, god helse og trivsel
- ta vare på og stimulere til det frivillige initiativet og dugnadsinnsatsen gjennom å støtte opp om lag og organisasjonar og felles arrangement
- knyte kontaktar og utvikle samarbeid i kommunen, regionen og fylket for å skape eit breiare og meir mangfaldig kulturtilbod

### STRATEGIAR

- samle og dokumentere bilete, film, kunnskap og historie
- legge til rette for at skuleelevane skal få kunnskap om lokalhistorie frå alle delar av kommunen
- arbeide for god informasjon om aktuelle fritidstilbod
- legge til rette for at kommunale bygg, kyrkjebygg, private bygg og uteareal/rekreasjonsområde kan nyttast til felles opplevingar/arrangement

- ha ei velfungerande bibliotekteneste i kommunen
- skape fellesaktivitetar for ulike aldersgrupper og på tvers av aldersgrupper
- samarbeide med velforeiningar, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet om større arrangement i kommunen
- inkludere og utvikle arrangement/møteplassar for innbyggjarar frå andre land og kulturar
- bruke Nærmiljøsentralen, råd for funksjonshemma, eldrerådet og ungdomsrådet som rådgjevarar i høve til tilrettelegging av kulturtilbod
- samarbeide med Kyrkja og andre trussamfunn
- samarbeide med nasjonale og regionale kulturaktørar



Foto: Steinar Bauge



## VAKRE ASKVOLL KOMMUNE

*Vi er omgitt av unike kulturminne og naturperler som det er viktig å synleggjere. Samspelet mellom menneska og omgjevnadene er avgjerande for å ta vare på desse verdiane. Det er lett å trivast og vere stolte av kommunen og bygda vår når det ser fint ut rundt oss. Ei bevisst haldning og felles innsats gjer at vi kan framstå som attraktive for innbyggjarar, tilflyttarar og turistar.*



Foto: Linda Landøy

### MÅL

- vise fram dei kvalitetane og ressursane vi har i kommunen, og gjere kommunen lett å finne fram i
- arbeide for universell utforming av attraktive rekreasjonsområde
- gjere kommunen attraktiv og tiltalende med velstelte og pene sentrumsområde
- avgrense attgroing av natur- og kulturlandskap



- vedlikehalde rekreasjonsområde slik at dei opprettheld kvaliteten og trivselsverdien
- sikre godt vedlikehald av kulturminne

### STRATEGIAR

- skilte bygg, attraksjonar, turstiar og stader
- opparbeide uteområda i bydesentra

- fokusere på vedlikehald av vegar og plassar, slå gras, stelle bed, fjerne boss
- stelle/vedlikehalde kommunale eigedomar - både bygg/anlegg og uteareal
- fokusere på fasadar, uterom og estetikk i planlegging, byggesakshandsaming og utbygging
- rydde skog og kratt langs vegar, attraksjonar og utsiktspunkt
- hindre attgroing av kulturlandskapet ved at bøyar og beitemark vert slått/beita
- sikre ordning for å fjerne herrelaust boss langs strendene/kysten
- samarbeide med vernestyresmakter om forvaltning av kulturminne



Foto: Steinar Baugé



## **BEREDSKAP OG BEREKRAFTIG UTVIKLING**

*Askvoll kommune skal vere eit trygt og godt tilrettelagt samfunn å leve i. Vi skal legge vekt på berekraftig utvikling, omsynet til miljø og energi og føre var-prinsippet. Vi skal vere godt budd på å handtere uønska hendingar.*



### **MÅL**

- ha ei berekraftig utvikling og arbeide for å redusere energibruken og klimagassutsleppa
- vere budd på eventuelle klimaendringar
- sikre god beredskap i kommunen



### **STRATEGIAR**

- ha ei bevisst haldning til energibruk innanfor kommunale bygg og anlegg, og på transportsektoren
- ha ei bevisst haldning til material- og anna ressursbruk, og arbeide for å redusere ureining og avfallsmengde frå hushald, hytter og næring

- dimensjonere avløps- og dressystem tilstrekkeleg, og bruke alternative dreisløysingar
- trygge drikkevassforsyninga ved å syte for at internkontrollsystem og beredskapsplanar for vassverka har tilstrekkelege vurderingar av risiko iht. klimaendringar og vert følgt opp med nødvendige tiltak
- kartlegge risiko for naturskade og sikre område langs eksisterande vegar og i bebygde område.
- sikre straumforsyning og telekommunikasjon



Foto: Åge Guddal



## AREALFORVALTNING

*Askvoll kommune er frå naturen si side gjeve eit stort og verdifullt mangfald når det gjeld geografi og naturtypar. Det gjev oss eit godt utgangspunkt for å forvalte dette området til det beste for innbyggjarane. Felles, overordna mål og føringar for korleis areala i kommunen skal nyttast må ligge til grunn for å få ei berekraftig og ønska utvikling framover.*



Foto: Steinar Baugé

### Bustader og bumiljø

- sikre tilbud av attraktive, raskt tilgjengelege bustadtomter i alle krinsane
- unngå at bustadhus i og nær bygdesentra vert tekne i bruk som fritidshus, og at nye fritidshus vert bygd i bustadområde
- legge spesiell vekt på at det vert utvikla gode og attraktive bustadområde
- ha eit busetnadsmønster som opnar for både fortetting og spreidd busetnad
- I bygdesentra og der det ikkje er direkte tilkomst frå bustadområde til utmark/naturområde, skal det avsettast fellesområde til leik og rekreasjon. Slike uteområde skal ha trygg tilkomst, vere godt eigna til bruken gjennom heile året, og gje høve til samhandling mellom ulike aldersgrupper.

### Næring og næringsområde

- sikre areal for eksisterande og nye næringar
- ved etablering av mindre næring og næringsareal må ein legge vekt på å unngå konflikt mellom næringsaktiviteten og busetnad/anna arealbruk
- ta vare på landbruksareala

- eksisterande offentlege kaier og allmeningskaier skal ha sikra tilkomst
- Kommunen er positiv til utbygging av vasskraft i mindre vassdrag – mini- og mikrokraftverk – nær bebygd område/innmark, så sant det ikkje verkar øydeleggende på miljø eller kulturlandskap. Større vasskraftutbyggingar må vurderast særskilt (i konsesjonshandsaming).
- kommunen er positiv til noko utbygging av vindkraft, der det er eigna område
- kommunen ønskjer ei berekraftig oppdrettsnæring der eksisterande anlegg er sikra vidare utvikling, og det vert lagt til rette for ei moderat utviding og for landbaserte anlegg. Den totale belastninga på fjordsystemet og arealkonfliktar vert avgjerande for eventuell etablering av nye anlegg
- sikre areal til og tilgang på gode hamneanlegg for fiskeflåten
- område med marint biologisk mangfald bør i størst mogeleg grad sikrast for å legge til rette for berekraftig hausting av naturressursar og næringsutvikling



### Fritidshus

- areal bør prioriterast til bustader og næring framfor til fritidsbustader
- fritidshus bør fortrinnsvis ligge i fortetta område (hyttefelt)
- I fjellområda vert det opna for nokre nye, mindre hyttefelt i område der det ikkje er vesentleg konflikt med andre interesser. Hyttene skal ha enkel standard, og uteområda skal ikkje opparbeidast/privatiserast.
- spreidde enkelthytter i fjellet er ikkje ønskjeleg, men for eldre, eksisterande hytter skal det vere rom for å auke standarden til ein viss grad, evt. gjenoppføring



Foto: Steinar Bauge

- Det er eit mål å ta vare på stølshus og stølsområde, og gje rom for noko auka standard og kvalitet. Det kan oppførast nokre få, nye stølshus, hovudsakleg på gamle tufter, der det ligg til rette for det. Nye bygg og tilbygg må tilpasse seg stølsområdet sine rammer og dimensjonar, og bygga må følgje tradisjonell, lokal byggjeskikk. Uteområda skal ikkje opparbeidast/privatiserast.
- eksisterande sjøbuer ol. kan ved bruksendring nyttast til næring og bustader, men ikkje til fritidshus
- oppfordre til samarbeid over eigedomsgrensene med sikte på fordeling av gevinst og ulemper

### Strandsona

- det skal leggest vekt på ønskje om etablering av bustader og næring der det er viktig for å styrke folketalet og sysselsettinga, i tråd med dei mogelegheitene dei statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning gir.
- tradisjonell byggjeskikk med bustader, sjøbuer og kai utanfor må vidareførast i dei områda som har vore utbygd slik



Foto: Steinar Bauge

- Naust, brygger og fortøyningsanlegg for båtar bør samlast i felles anlegg/småbåthamner. Det kan førast opp mindre naust der det tradisjonelt har vore slike, og i tilknytning til eksisterande naust.
- felles småbåtanlegg må plasserast der det er naturlege tilhøve for det, og slik at tilbodet av attraktive gjestehamner vert styrka



### Natur- og kulturlandskap

- ta vare på mangfaldet av natur- og kulturlandskap, og sikre/legge til rette for at slike område vert tilgjengelege for alle
- utbygging bør ikkje skje i urørte område eller område med spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og landskap, td. badeplassar og utsiktspunkt
- tiltak skal tilpassast til landskapet og lokal/tradisjonell byggjeskikk, og syne kvalitet, men gje rom for tidsmessig/moderne formspråk
- verdifulle bygningsmiljø vert tekne vare på, og vert nytta som ein ressurs for busetnad og reiseliv



- infrastruktur som veg, el og tele, skal leggest på mest mogeleg skånsam måte, og tilpassast natur, menneske og miljø

- nye bygg skal plasserast med sikker margin iht. venta havnivåstigning og stormflo. Det skal innarbeidast i alle arealplanar at nye bygg skal plasserast på minimum kote 2,6m (NN1954), det same gjeld ved bruksendring til bustad/næring/fritidshus
- legge til rette for lokalisering av nye bustadområde og næringsliv som følgje av nye vegsamband
- avsette areal til framtidig infrastruktur



Foto: Steinar Bauge